

Kva blir skjebnen til bua?

26.03.2011



**Den gamle bua på grusbana er fjerna og det er mange glade for.
Men kva blir skjebnen til det slitne byggverket, spør lesarar.**

Etter kva vi forstår er det ikkje teke noko endeleg avgjerd om det i idrettslaget.

Fleire alternativ føreligg, men dei er ikkje spesielt fristande. Å brenne bua er neppe lovleg og det kostar mykje å levere ho på SIM.

Så kva blir løysinga? Kanskje nokon vil ha ho som reiskapsbu eller noko liknande, vel å merka på ein plass der ho ikkje er skjemmande. Så på biletet over er ho på veg mot ein uviss skjebne....

(Foto: Kjell Yri)